



Arkivnr: 2015/11453-62
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|-------------------------|--------|------------|
| Hordaland fagskulestyre | | 18.11.2016 |

Tilsetjing av ny teamleiar for dekksoffisersavdelinga ved Bergen Maritime Fagskule

Samandrag

Etter fagskulelova § 3 skal fagskulestyret tilsetje fagleg og administrativ leiar ved fagskulane. Ved dei maritime utdanningane er det krav til at fagleg leiar har kompetanse innan STCW kap. 2/II, det vil sei at fagleg leiar skal ha utdanning på same nivå eller høgare enn det nivået skulen utdannar til. Av di fagleg leiar-funksjonen ikkje vert lagt til rektor er det etablert ein teamleiarfunksjon som skal ivareta krava i STCW-konvensjonen. Karianne Grønseth som er lærar ved Bergen maritime fagskole har nest høgaste sertifikat D2, medan studentane vert utdanna til å segla til sertifikat D4. Administrasjonen ved Opplæringsavdelinga tilrår at Karianne Grønseth vert tilsett i funksjonen som teamleiar for dekksoffisersutdanninga ved Bergen maritime fagskole avdeling Bergen.

Forslag til vedtak

Karianne Grønseth vert tilsett i funksjonen som teamleiar for dekksoffisersutdanninga ved Bergen maritime fagskole avdeling Bergen.

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
seksjonsleiar skule

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 08.11.2016

Etter fagskulelova § 3 skal fagskulestyret tilsetje fagleg og administrativ leiar ved fagskulane. Ved dei maritime utdanningane er det krav til at fagleg leiar har kompetanse innan STCW kap. 2/II som seier at fagleg leiar skal ha utdanning på same nivå eller høgare enn det nivået skulen utdannar til. Av di fagleg leiar ved dei maritime utdanningane ikkje kan liggje hjå rektor som ved dei andre utdanningane, vert den som har fagleg leiing ved maritim utdanning tilsett i funksjonen teamleiar.

Avdelingsleiar ved Bergen maritime fagskole avdeling Bergen, Håvard Endre Waage, har vore fungerande teamleiar for dekksoffisersutdanninga i skuleåret 15-16. Dette har vore på dispensasjon frå *Forskrift om kvalifikasjoner og sertifikater for sjøfolk*.

Grunna høg arbeidsmengde og ei meir føremålstenleg organisering, har skulen sidan hausten 2016 nytta Karianne Grønseth som teamleiar for avdelinga. Sjøfartsdirektoratet er informert om dette, og dei bekreftar at Karianne Grønseth innfrir krav til kompetanse for denne rolla av di ho har kompetanse innan STCW kap. 2/II. Grønseth har nest høgaste sertifikat D2, medan studentane vert utdanna til å segla til sertifikat D4. Grønseth er lærar ved Bergen maritime fagskole (avdeling Bergen) og er i gang med å fullføra praktisk-pedagogisk utdanning (PPU). Grønseth skriv også lærebok innan lastelære i lag med lærarar ved to andre maritime fagskular i Norge.

Administrasjonen ved Opplæringsavdelinga tilrår at Karianne Grønseth vert tilsett i funksjonen som teamleiar for dekksoffisersutdanninga ved Bergen maritime fagskole avdeling Bergen.